



LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	8.11.2019
08 NOV 2019	
Ark. saksnr.	19/2968
Saksh.	Tilgangskode

**BRUKSAVTALE OM GRUNNEN TIL HUSMANNSPLASSEN VIKJE
GNR 212. BNR 6, EIKANGER**

Mellom Asle Eikanger som eigar og Lindås kommune som brukar, er det gjort slik avtale om bruken av grunnen til husmannsplassen Vikje

Avtalen femner om grunnen som våningshus, ^{skykkje} stykke og løe står på. Lindås kommune får rett til å bruke husmannsplassen som museum, og til å lata dei som vitjar husmannsplassen få gå dit frå E39 og også nytta naturområde rundt bygningane. Dette må vera på ein slik måte at dei ikkje er til særleg ulempe for grunneigaren. Området vert nytta til sauebeite, og dei som vitjar Vikje går dit på eige ansvar.

* Grunneigar tillet parkering på sin tømmeropplagsplass ved E 39 for gjestar til museet. Plassen kan eventuelt merkjast med dette formål. Likeins vil grunneigar tillata opparbeid ei busslomme på sydsida av E39 ved undergangen for stien til Vikje.

Avgift for bruk og ulempe

Lindås kommune vedlikeheld bygningane, og betalar ei årleg avgift for bruken av grunnen og ulemper som dette måtte verta av dette for grunneigar – kr 4497 pr 31.12.2019. Grunneigar sendar faktura innan 01. mars og skal vera indeksregulert med utgangspunkt i indeksen for 31.12. kvart år.

Informasjonsplikt

Når det skal vere aktivitet på husmannsplassen (som t.d. arbeid eller kulturarrangement), skal grunneigar informerast i god tid. Om det skal vere særskilte kulturarrangement, skal det vere ~~vere~~ møte med grunneigar og eige avtale for arrangementet blir inngått om nødvendig.

Aktivitet på husmannsplassen berører grunneigar sin drift med omsyn til dyr og anna gardsarbeid.

Denne avtalen gjeld i 10 år frå han er underskriven av begge partar. Avtalen vert automatisk fornya for fem år av gongen dersom ingen av partane seier den opp.

Dato:

Dato: 28.10.2019

Grunneigar

Lindås kommune

* Avsnittet om parkering på tømmerplassen og opparbeiding av busslomme utgår. Tømmerplassen er i dag ein del av Nordh. næringspark og busslomme er allerede på plass. Resten av avtalen ser grei ut.